



Eivind Bjørndal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1431 - 14/4639

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

27.03.2014

Merknad til motteke opplysningar om byggjetiltak på gbnr 57/26

Det vert vist til Dykkar e-post m/ vedlegg dagsett 24.3.2014.

Gjennom byggjemelding dagsett 19.5.1988 vart det søkt om løyve til oppføring av eit tilbygg til ei hytte på gbnr. 57/26 på Sætre i Meland kommune. Som følgje av manglar ved søknaden vart saka den gong ikkje teke opp til handsaming, jf. mangelsbrev frå kommunen til Kåre E. Bjørndal (tiltakshavar) dagsett 7.6.1988. I mangelsbrevet vart det påpeika at eit eventuelt løyve til tiltaket var avhengig av at tiltakshavar først sendte inn situasjonskart og erklæring frå nabo i høve til gjeldande avstandskrav. Brevet frå kommunen vart ikkje besvart og saka vart difor arkivert som avslutta.

I Dykkar e-post av 24. dm. er det opplyst at tilbygget allereie er oppført. Videre er det vedlagt ein erklæring frå nabo om godkjenning av plassering og teikningar som viser tilbygget.

På bakgrunn av opplysningane i Dykkar e-post må det sendast inn ein ny og komplett søknad om godkjenning av det aktuelle tilbygget, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-2. Om krav til innhald i søknad med tilhøyrande dokumentasjon vert det vist til pbl. kap. 21. Søknaden skal nabovarslast, jf. pbl. § 21-3.

Ta gjerne kontakt med byggjesaksavdelinga dersom De har spørsmål samband med søknaden.

Med helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

